

Sammen på nett



Korleis bruka digitale verktøy
til sosiale møteplassar

Eit erfaringsbidrag frå:



Innhold

Innleiing	3
Kva er Whereby	4
Abonnement og pris	4
Administrator på Whereby	5
Teknisk utstyr	6
Internett, Wifi og mobildata	6
Å gjera Whereby tilgjengeleg	7
Kva har me brukt Whereby til?	8
Prosjekt for vaksne og seniorar	8
Erfaringar—to do and not to do	10
Ord og språk	10
Valfri anonymitet	11
Moderator og møtevert	12
Korleis få med folk?	13
Kan eg få visa deg Whereby?	14
Døme på gjennomføring av opplæring	15
Døme på marknadsføring	16



Innleiing

Våren 2020 stengde Noreg ned og me måtte avlysa og utsetja alle aktivitetar, til stor frustrasjon for oss som er knytt til frivilligsentralane og biblioteka. Samstundes gav denne nedstenginga oss moglegheit til å tenkja aktivitet på nye måtar. Frivilligsentralane og biblioteka i Kvam og Klepp gjekk saman og søkte og fekk innvilga tilskot frå Gjensidigestiftinga til prosjektet «Saman på nett».

Utgangspunkt for søknaden var manglande tilbod til innvandrarar grunna koronatiltaka. Både i Klepp og Kvam har frivilligsentralane og biblioteka tilbod om sosiale møteplassar og ulike språktreningstilbod retta mot denne gruppa. Behovet hos målgruppa endra seg ikkje, sjølv om ein ikkje kunne møtast fysisk. Me ynskja å testa ut om me gjennom digitale møteplassar kunne gje eit tilbod.

I eitt år har me hatt ulike aktivitetar på den digitale plattformen «Whereby». Me har gjort ting saman, og kvar for oss. Dette heftet er ein del av prosjektet, og me håpar det kan vera til inspirasjon for dykk som ynskjer å gje digitale tilbod i staden for, og i tillegg til, andre aktivitetar. Både i Klepp og i Kvam har me òg jobba med aktivitet på nett for vaksne og seniorar, og det er difor naturleg å inkludera desse erfaringane òg.

I dette heftet finn du tips og råd om digitale aktivitetar og om våre erfaringar kring utvikling av tiltak, marknadsføring av aktivitetar og motivasjon til deltaking. Dette er altså ikkje ein manual for korleis ein brukar Whereby, eller korleis ein «må» gjennomføra aktivitet på nett.

Læringskurva har vore bratt både for prosjektgruppa, frivillige og deltakarar. Det har vore nokre utfordringar, men mest av alt har det vore VELDIG kjekt! Me håpar heftet vil vera til nytte og til inspirasjon. Har du spørsmål, ser me fram til å høyra frå deg. God lesnad!

Sidsel Haugen, Grannehjelpa—Frivilligsentralen i Kvam
Ragna Helene Soldal, Kvam Bibliotek
Ann Kristin N. Hatletvedt, Klepp Frivilligsentral
Aud Jorunn Haugen Hakestad, Klepp Bibliotek

Prosjektet er gjennomført med tilskot frå
GjensidigeStiftelsen




Kva er Whereby?

Whereby er eit videomøteprogram som med sitt intuitive grensesnitt eignar seg godt til uformelle og sosiale treff på internett.

Då me skulle velja plattform for utvikling av digitale møteplassar, fall valet på Whereby. For oss handla det om brukarvenlegheit. Whereby er enkelt å bruka, oversiktleg og intuitivt. Vår erfaring med digitale møterom er at om det vert for mange steg, for mange moglegheiter og for mykje å hugsa på, kan opplevinga fort verta overveldande og for krevjande. Å bruka eit program som gjev brukarane meistringskjensle, var difor avgjerande for val av plattform.

Whereby si teneste er lett tilgjengeleg. Ein kan delta frå «kvar som helst» via datamaskin, nettbrett og mobiltelefon. Som deltakar og gjest treng ein ikkje registrera seg, oppretta konto eller logga inn med brukarnamn og passord. Alt ein treng er ei lenkje som tek ein direkte dit møtet tek stad. Ein kan nytta same møtekopling (lenkje) kvar gong. Med unntak av dei som nyttar iPad og iPhone, er det ikkje naudsynt å lasta ned ekstra programvare.



Oppsettet og designet i møteromma er minimalistiske og lettfattelege. Alle funksjonane ein har bruk for er godt synlege nedst på skjermen, med ikon som er tydelege og gjenkjennelege. Ein treng, med andre ord, ikkje klikka seg inn på mange ulike knappar eller leita seg gjennom mange bolkar med tekst for å finna den funksjonen ein vil bruka.

Me i arbeidsgruppa er (diverre) ikkje tekniske vidunder og me har, og driv framleis, å «snublar» oss avgarde. Me har god erfaring med Whereby si supportteneste, så ikkje nøl med å ta kontakt med dei om du har spørsmål om abonnement og andre ting.

ABONNEMENT OG PRIS

Både i Kvam og i Klepp abonnerer me på business-versjonen av Whereby, som inkluderer 10 møterom med inntil 50 personar i kvart rom. Det finst abonnement med færre rom til lågare kostnad. Det finst òg ein gratis versjon med inntil 4 personar i eitt rom. Faktisk er det mange

av dei som har vore med som frivillige og/eller deltakarar som har oppretta egne rom, som dei brukar til private føremål. Dette er med på å bidra til auka digital kompetanse generelt.

Les meir om abonnement og kostnad her:

<https://whereby.com/information/business/>

<https://whereby.com/information/pricing/>

ADMINISTRATOR PÅ WHEREBY

Whereby er òg enkel å bruka for den som er administrator. Den som eig abonnementet er administrator. Som administrator kan ein oppretta og sletta møterom, gje tilgang til andre administratorar m.m. Inne i møteromma kan administrator til dømes slå av mikrofonen og kameraet til alle deltakarar. Det er ein fordel at den som leier aktiviteten har administratortilgang, men det er ikkje naudsynt. Når me t.d. låner ut rom til andre, har ikkje dei denne tilgangen.



Tips: I Kvam har nokre av møteromma same namn som kjende fjell i området. På den måten er dei enkle å hugsa. Andre møterom har namn som peikar på aktiviteten som føregår der, noko som gjer det enkelt for deltakarane å finna romma. Me har òg oppretta eit felles møterom for prosjektet: Samanpånnett.

Som administrator kan ein òg lukka og låsa opp møteromma. Med låste rom utelukkar ein t.d. at nokon nyttar møteromma utan løyve, samstundes kan låste rom vera ein terskel for deltaking. Her har Klepp og Kvam delt syn; i Klepp er romma låst av sikkerheitsmessige hensyn, i Kvam har ein vald å halda romma opne.

Teknisk utstyr

Ein kjem langt med ein laptop og god internetttilgang. Det kan og lønna seg å ha ekstra kamera og mikrofon.

Det er viktig at verten (anten det er du som jobbar på biblioteket eller frivilligsentralen eller det er ein frivillig eller føredragshaldar) vert høyrd og sett. Dei aller fleste datamaskiner har innebygd kamera, mikrofon og høgtalar som fungerer greitt, men det er lurt å sjekka dette før ein går «live». Både i Klepp og Kvam har me investert i webkamera og eksterne konferansehøgtalarar. På den måten har me betre kontroll på det me sender ut. Sjølv om ein til ei viss grad kan bestemma kvalitet på lyd og bilete ut, har ein ingen kontroll på korleis dette er hos den som sit i andre enden.



Utstyr kan vera ei utfordring. Me kan ikkje be folk om å kjøpa ny datamaskin, eller skifta inter-nettleverandør. Men, me kan tilretteleggja så langt og så godt som råd er.

Tips

Verten kan gjerne tipsa deltakarar om å

- bruka nettlesaren Google Chrome
- kopla til eit headset eller ein ekstern høgtalar om ein har dårleg lyd
- setja seg i eit rom nærare ruterer om ein har dårleg internett

Internett, Wifi og mobildata

Utan internett hjelper det lite med godt utstyr. Tilkoplingane må vera stabile. Alle i prosjekt-gruppa er vertar og møteleiarar på ulike aktivitetar, og me har dette året jobba både heimefrå, frå kontoret og frå hytta. Fridomen det gjev å kunna jobba frå kvar som helst, gjeld berre om internettet fungerer. Det gjeld både for vertar og for deltakarar på aktivitetane.

Ikkje alle har tilgang til godt (og rimeleg) internett. Dette er ei utfordring som ikkje har noko umiddelbar løysing. Nokon har ikkje denne tilgangen i heimen sin, og har heller ikkje moglegheit til å skaffa seg det. Andre har avtale med ein leverandør som ikkje leverer det dei skal. I desse tilfella oppmodar me folk til å ta kontakt med leverandøren sin og få orden på det.

Tips

På aktivitetar som har «eksterne» føredragshaldarar er det viktig å testa ut systemet med dei på førehand. Testa internetttilkopling (på staden dei skal vera når aktiviteten går av stabelen) og lyd og kamera. Dersom ein skal visa ein presentasjon er det òg viktig å testa dette.

Å gjera Whereby tilgjengeleg

Me vil ha alle med, uavhengig av om dei er gode «på data» eller om dei er ferskingar. Gode instruksjonar og målretta informasjon bidreg til dette.

Me har i løpet av prosjektperioden teke fleire grep for å gjera det lett å delta i møte på Whereby. Utanom å invitera til utprøving av tenesta, har me også dedikert mykje tid og prosjektmidlar til å samanfatta verktøy som skal vera til hjelp. Sidan det er ulike framgangsmåtar for å koma seg inn i eit rom alt etter kva hjelpemiddel ein nyttar – datamaskin, nettbrett, smarttelefon – har dette vore eit omstendeleg arbeid.

Noko av det fyrste me gjorde, var å laga steg-for-steg-instruksjonar. Desse ligg ute på nettsidene våre: www.grannehjelpa.no og <https://klepp.frivilligsentral.no/> der ein lett kan finna fram til den instruksjonen som passar utstyret ein vil bruka. I prosessen med å laga instruksjonane, møtte me på mange av dei utfordringane som deltakarane våre seinare ville støta på – og sidan me allereie var kjende med dei, kunne me koma med løysingar. Me har instruksjonar for:

- Nettlesar på nettbrett og mobiltelefon med Android
- Datamaskin (PC og Mac)
- App på nettbrett og mobiltelefon med Android
- App på iPad og iPhone



I Kvam vart det i desember utforma ei brosjyre med instruksjon for bruk på datamaskin, samt gåvekort på utprøving. Tanken var at dei som allereie kunne Whereby – eller datakyndige barneborn – kunne gje dette i julegåve til kjenningar eller besteforeldre. Desse brosjyrene og gåvekorta var gratis, og kven som helst kunne koma innom og henta til eige bruk.

Ei viktig erfaring er at dei beste ambassadørane for aktivitetane er dei som allereie er med som frivillige eller deltakarar, og at dei lærar av kvarandre.

Kva har me brukt Whereby til?

Utgangspunktet for prosjektet var å oppretthalda tilbod om språktrening og sosiale møteplassar for personar med innvandrarbakgrunn. Språktreff i Kvam og leksehjelp i Klepp vart sett i gang våren 2020. Dette hadde me lita og inga erfaring med frå før, så her var det «learning by doing» som gjaldt. Me har utforma og testa ulike aktivitetstilbod med meir eller mindre hell gjennom heile prosjektperioden. Det har ført til at me har hatt treningsgruppe, ulike føredrag, mindfulness, quiz, matlaging, høgtlesing m.m. Aktivitetar har vore gjennomført i små og store grupper og ein til ein. Noko har Klepp og Kvam gjort saman, noko har me gjort kvar for oss.

Døme på aktivitet

- Leksehjelp
- Språkgrupper
- Trening på nett
- Mindfulness
- Quiz
- Møte i frivilligsentralane
- Kaffekoppen
- Litteraturgruppe
- Føredrag
- Matkurs
- Kvinnegruppe
- Utlån av digitale møterom



Me har òg brukt Whereby til intern møteverksemd som t.d. arbeidsgruppemøte, styremøte og årsmøte. Dei digitale møteromma har òg vore lånt ut til andre frivillige lag og organisasjonar i lokalsamfunna våre. Kva aktivitet kan du tenkja deg å bruka eit digitalt møterom til?

Prosjekt for vaksne og seniorar

Me har prøvd å ha eit variert og attraktivt tilbod, og me har hatt ulik grad av forventning til interaktivitet ut i frå aktivitet. Parallelt med «Saman på nett» har både Kvam og Klepp hatt liknande prosjekt retta mot vaksne og seniorar.

«Fellesskap for framtida» er Kvam sitt prosjekt med seniorar som målgruppe. Prosjektet sin hovudaktivitet har vore det vekentlege møtepunktet «Tematreff i Torefjell». På same måte som «Saman på nett», har òg dette hatt som mål å skapa sosial, interaktiv aktivitet på digitale plattformer, og har halde arrangement som elles ikkje ville vore mogleg å få til grunna geografi, reise og økonomisk kostnad. Blant aktivitetar kan nemnast føredrag, intervju med offentlege personar, bokpresentasjon og biletframsyning.

Klepp har sett i gang prosjektet “Verdensrommet”, som har hatt som mål å presentera digitale møterom for seniorar, motivera dei til å aktivt ta i bruk digitale møteplassar, og syna korleis ein kan vera sosial på nye måtar. Det har vorte kjøpt inn teknisk utstyr, slik at bibliotek, lag og foreiningar kan strøyma sine arrangement. Lag og foreiningar får opplæring i å bruka utstyret. Seniorar vil bli kursa i å bruka digitale møteplassar, og det vil bli arrangert samlingar for eldre på nett.

Tips

Kvam har gjennomført Språktreff på denne måten: alle —både frivillige og deltakarar— møter i eit hovudrom til avtalt tid. Treffet startar med ein introduksjon av dagens tema. Deretter, vert deltakarane delt inn i mindre grupper, og går inn i separate rom. Dette inneber at deltakarane må følgja med i chattefeltet, og trykkja på ei lenkje. Om det i byrjinga kunne oppstå litt forvirring om kven som skulle kvar, er dette blitt ei rutine som deltakarane raskt har lært og tilpassa seg.

SPRÅKTREFF
STARTAR OPP ATT PÅ INTERNETT!

Språktreff på biblioteket må ta ein pause på grunn av korona.

I staden, kan me møtast på internett!

Bruk datamaskin, nettbrett eller telefon og gå inn på denne nettsida tysdagar kl. 18:
<https://grannehjelpa.whereby.com/spraktreff>



Har du lyst til å testa Whereby før Språktreffet? Ta kontakt med Grannehjelpa på telefon 480 72 456.

FRIVILLIG **Grannehjelpa**  Hardangerbiblioteka

Erferingar—to do and not to do

Etter å ha arbeida målretta med Whereby i denne perioden – både med sjølv programmet og dei aktuelle målgruppene – har me gjort oss nokre erferingar som me trur kan vera nyttige for andre som har lyst å prøva seg på sosiale digitale møteplassar.

Desse erferingane er sjølv sagt ikkje fasitsvar på korleis ein skal løysa visse problemstillingar, men kan gje ein peikepinn på kva vurderingar ein kan koma til å møta på.

Me har mellom anna lært mykje om kva ordspråk som er lurt å bruka, kva funksjonar som kan vera avgjerande for deltaking, og kva ansvar arrangøren bør ta omsyn til under eit kvart møte.



Ord og språk

Ord, har som kjend makt, og i denne konteksten kan ein trygt fastslå at ord har makt til å skapa både interesse og total avsmak. Om den du skal prøva å få inn på Whereby ikkje skjønar halvparten av orda du brukar, vil det vera lett å konkludera med at Whereby er alt for krevjande og vanskeleg.

Sjølv om det i etterkant kan verka innlysande, var det ein viktig lærdom å innsjå at ikkje alle innehar det same digitale vokabularet. Ikkje alle skjønar ord som *digital plattform*, *nettlesar*, *app* eller *videomøte*. For å gjera språket meir tilgjengeleg, fann me ut at det var like greitt å bruka omgrepet *internett* om det meste, og deretter fylla på med ord og forklaringar ut i frå grunnkunnskapane til den enkelte. Om ein, til dømes, spør nokon kva dei brukar til å lesa avisa med, kan ein visa at dette er ein nettlesar, og såleis forklara at det finst mange ulike slike. I all hovudsak, lærte me verdien av å spørja spørsmål om den enkelte sin internettbruk, berre gje innføring i dei mest naudsynte omgrepa, og å visa framfor å fortelja.

Me fann også ut at me kunne nå fram til fleire ved å ikkje halda *kurs* eller *opplæring*, men ved å invitera til *vising* eller *utprøving* av Whereby. Ord som *kurs* og *opplæring* kan fort assosierast med forventning av innsats, og dermed også noko ein kan mislukkast med. Ei *vising* eller *utprøving* er uformelt og uforpliktande, og følgjeleg nokså ufarleg.

Valfri anonymitet— kamera av eller på?

I utgangspunktet, skulle aktivitet på Whereby bidra til sosial, interaktiv aktivitet, og på t.d. Språktreff er dette ein føresetnad for å få utbyte av tiltaket. Undervegs oppdaga me at nettopp det sosiale og interaktive også kunne vera skremmande for dei som ikkje er vane med å bruka teknologien til eit slikt føremål. Å gjera desse deltakarane trygge i bruken av Whereby vart di- for ein stor prioritet i det vidare arbeidet i prosjekta. Grundig innføring i korleis ein skruv av og på kamera- og mikrofonfunksjonane, samt korleis ein kan logga inn under brukarnamn som *Guest* eller *Gjest* sikra deltakarar sin moglegheit for sjølvvald anonymitet.

Valfri anonymitet har for mange deltakarar vore viktig. Det vil seia at den enkelte sjølv kan vel- ja kor synleg dei vil vera, og kor aktivt dei vil delta i aktiviteten. For somme var dette ein ters- kel for deltaking, medan for andre var dette heilt avgjerande for om dei ville prøva eller ikkje.

Ulike aktivitetar krev ulik grad av aktiv deltaking frå dei som er med. På Språktreff og lekse- hjelp må kamera vera på, men på føredrag og trening er det fint å kunna velja. Det er fullt mog- leg å vera aktiv i chattefeltet som «gjest». Det viktigaste er at møteleiar/vert på førehand defi- nerer kva som gjeld på denne aktiviteten, og at dette vert presentert for deltakarane i starten av kvart treff. Kva «møtereglar» skal etablerast?

TIPS

Lurt å tenkja gjennom på førehand

- Skal me be alle deltakarar ha på kamera?
- Må alle logga seg inn med namnet sitt?
- Skal me be alle som er til stades presentera seg sjølve?
- Skal ein be om ordet eller ta ordet?
- På kva måte skal ein eventuelt be om ordet?
- Er det OK at møteleiar/vert vender seg direkte til deltakarar med spørsmål? Eller, skal ein venta til deltakaren sjølv involverer seg i samtalen?



Det finst ikkje fasitsvar her, og svara vil variera alt etter kva aktivitet som skal gjennomførast. Det viktigaste er at ein på førehand tenkjer gjennom korleis ein vil leggja opp akkurat dette møtet. Me har eit klart mål om interaktivitet, og ynskjer at dei som er med føler seg trygge nok til å bruka både bilete, lyd og chat. Samstundes respekterer me at nokon er med nettopp fordi dei her kan vera ano- nyme.

Moderator og møtevert

Når ein skipar til ei hending på Whereby, kan det vera lurt at arrangøren fordeler ansvar og ulike rollar. Vertskapsrolla er viktig; at nokon ynskjer velkomen og informerer om «reglane» for møtet, og minnar om dei grunnleggjande funksjonane kamera, mikrofon og biletforstør-ring. Om ein gjer dette i starten av eit møte, får deltakarane ei lita oppfrisking av det dei har lært, og slepp å føla seg pressa til å spørja.

Gjennom møtet, er det ein fordel at nokon modererer rommet. Det vil seia, nokon som kan følgja med i chattefeltet, og lesa opp kommentarar. Dei moderatorane som har administratortilgang kan også overstyra mikrofonane til alle andre i rommet. Verten kan sjølv sagt også ha denne rolla, men er det mange deltakarar og høg aktivitet er det lurt å vera fleire.

Tilbakemeldingar frå deltakarar syner at moderatorrolla er spesielt viktig for å føla tryggleik i bruken av Whereby. Det å vita at nokon andre kan skru av mikrofonen deira, om dei skulle vera uheldige å trykka feil, bidreg til at dei føler seg sikra mot å senda ut utilsikta samtalar og lydar. I tillegg til at dei føler seg ivaretekne, kan det også vera nyttig med tanke på å redusera støy og feedback.

TIPS

«Velkomen! Så kjekt å sjå dykk! Eg heiter Sidsel og er vert i dag. Med meg, har eg Helena som kan hjelpe om nokon har problem med tekniske ting. Helena sitt telefonnummer står i chatten. Ring ho om du lurar på noko.



Før me startar minnar eg om at ein slår av mikrofonen når ein ikkje snakkar. Men, det er like viktig at du slår på mikrofonen når du har spørsmål eller kommentarar. Me vil gjerne høyra stemma di! Om du føretrekk å skriva i staden for å snakka, kan du gjera det i chattefeltet. Om du klikkar på «Chat» nedst på skjermen, får du opp eit felt til høgre kor du kan skriva. Helena eller eg vil lesa opp spørsmål og kommentarar etter kvart.

Ingenting av det som vert sagt eller skrive her vert teke opp eller lagra. Om du ved eit uhell let mikrofon eller kamera stå på, og me som er her høyrer eller ser ting som ikkje er meint for oss, vil Helena eller eg slå av mikrofonen og kameraet ditt. Det er trygt for oss alle. Er det nokon som lurar på noko?»

Korleis få med folk?

Sjølv om aktivitetstilbodet er godt, tyder ikkje det at folk finn vegen til Whereby av seg sjølve. For mange er det nytt å møtast på denne måten. Det har vore varierende deltaking på alle aktivitetane, og me har vel ikkje heilt «knekt koden» for å få med mange. Samstundes er ikkje alltid høg deltaking eit mål. Dei beste samtalane oppstår gjerne når det ikkje er så mange med.



Det er heller ikkje alltid nok å fortelja folk at det skjer noko, dei må oppleva at dei har eit utbytte av det. Motivasjon for deltaking kan vera at ein vil læra noko, at ein er nyfiken på den personen eller det temaet som står på programmet, at det er underhalding eller at ein får ei oppleving av å vera saman med andre (sjå kjende andlet).

Me har marknadsført aktivitetar som postar og arrangement på Facebook, via kalenderoppføring i InVi (for frivilligsentralar) og som fysiske oppslag (plakat) på høvelege stader. Nokre grupper—som Språktreff i Kvam og kvinnegruppe i Klepp—har eigne FB-grupper kor Whereby aktivitet vert pusha.

Direkte «marknadsføring» med personlege invitasjonar via Messenger, WhatsApp, e-post og SMS er kanskje det som har fungert best. I ein travel kvardag er det godt å få ei påminning direkte i eigen «postkasse».

TIPS

Opprett ei mailingliste. Då får ein ei påminning på e-post med lenkje dagen før aktiviteten tek stad. Fleire deltakarar har gjeve tilbakemelding om at dette er svært viktig for deira vedvarande deltaking.



Trass i at me sjølve har gått aktivt ut for å marknadsføra aktivitetane våre, har det mest verdifulle vist seg å vera at deltakarane rekrutterer vener og kjenningar. Me har oppmoda til å snakka om aktivitetane, og oppmuntra andre til å prøva. Me veit at flerie har invitert vener heim for å visa fram kor enkelt det er å bruka Whereby. Somme av desse, har deretter vorte interesserte i å prøva sjølve. Andre, synest det er meir hyggjeleg å gå på besøk og delta på det digitale treffet saman med nokon andre.

Kan eg få visa deg Whereby?

Eit lite grep me har prøvd, er å ikkje bruka ordet *opplæring*, men heller vald ord som *utprøving* og *vising*. I løpet av prosjektperioden, har me arrangert fleire slike *utprøvingar* og *visingar* – både for grupper og ein til ein. Somme av desse inviterte me sjølve, medan andre melde si interesse til oss på eige initiativ.

Nokon deltakarar er motivert av utbyte av aktiviteten, og kjem av seg sjølv. Dette gjeld spesielt Språktreff. Til andre aktivitetar har me gått aktivt inn for å rekruttera deltakarar gjennom å invitera oss sjølve til lokale lag og grupper for å presentera både Whereby og aktivitetstilbodet. I denne prosessen oppdaga me at potensielle deltakarar gjerne trong meir enn éin presentasjon av tilbodet. Me måtte, med andre ord, halda dialogen i gang for å mana fram ei interesse. Det vart også tydeleg at dei som hadde vore på utprøving fyrst måtte bli engasjerte i aktiviteten sjølve, før dei kunne rekruttera andre til å prøva.

Elles, sette me av dedikerte tider, der folk kunne melda seg på *utprøving* i små grupper. Oppslutnaden kring dette initiativet var moderat, men viste seg likevel å vera svært viktig. Det var nemleg her me rekrutterte nokon av dei mest trufaste ambassadørane til prosjektet.

Når det gjeld *utprøving* og *vising*, stilte me oss veldig på tilbodssida. Alle som var interesserte, kunne koma innom frivilligsentralen og biblioteket i opningstida og få ei lita innføring. Dei som ikkje kunne koma til oss fysisk, kunne heller ringa og få vegleiing over telefon.

Biblioteket i Klepp har hatt kurs for innvandrarakar. Elevar frå Språkstasjonen var fleire gongar innom biblioteket for å få opplæring i bruk av Whereby.

Seniornett Klepp gjennomførte digitalt årsmøte for fyrste gong i 2021. På førehand fekk alle i styret opplæring i bruk av Whereby, og undervegs var me med «i bakgrunnen» for å støtta dei i gjennomføringa av møtet.



TIPS og d me p  praktisk gjennomf ring av vising

D met nedanfor er henta fr  Kvam og prosjektet «Felleskap for framtida» som har seniorar som m lgruppe:



Utpr ving og vising vart gjennomf rt i sm  grupper eller ein til ein. I mange tilfelle, byrja me med   demonstrera korleis eit nett-m te kan gjennomf rast i praksis. Det vil seia, at ein av oss ville opphalda seg i eit anna fysisk rom, logga seg inn i det digitale m terommet, og gjennomf ra eit f redrag med tilh yrande Power Point-presentasjon om Bergslimuseet p  Voss. Mange av deltakarane hadde aldri sett noko liknande f r, og fekk s leis for fyrste gong oppleva at ein kan vera med p  kulturelle, l rerike og sosiale arrangement via internett. Me merka raskt at dette var ein sv rt effektiv m te   generera interesse p .

Sidan m lgruppa v r hovudsakleg bestod av seniorar, s g me det som viktig   tilpassa l re-opplegget til kvar enkelt person. Som nemnd tidlegare, er det fleire vegar til b de Rom og Whereby, og ulikt utstyr kan krevja ulike ruter. Likeleis, skal ein ha respekt for at ikkje alle har det same utgangspunktet n r det gjeld teknologi, data og internett.


Det var viktig for oss at deltakarane skulle kjenna meistring, og me valde difor   ta utgangspunkt i den enkelte sitt utstyr og komfortsone. Om nokon trong   byrja med ei forklaring p  kva ein nettlesar er, starta me med det. Somme synest det var lettast at me la inn lenkja som eit bokmerke i nettlesaren til dei, medan andre synest det var like greitt   berre f lgja med p  Facebook og f lgja lenkja derifr .

Under sj lve demonstrasjonen, gjekk me gjennom dei mest grunnleggjande funksjonane i programmet. Me s g til at alle hadde lyd,  vde p    skru av og p  kamera og mikrofon, og forklarte viktigheita av   logga ut. Heller enn   byrja med gje ei innf ring i alt det tekniske, valde me   fokusera p  kva det tyder   vera online. Kva tid er ein synleg for andre? Korleis veit eg om andre kan h yra meg? Kor mykje kan eg kontrollera fr  mi maskin?

Me l rte ogs  tidleg i prosessen at det var f fengt   ausa ut all informasjon om dei tekniske aspekta p  ei gong. Dette bidrog berre til at Whereby verka meir komplisert, og overvelda deltakarane. Me skj na raskt at det var essensielt   porsjonera ut denne typen informasjon. I dei fleste tilfelle, valde me difor   ikkje demonstrera korleis ein til d mes forst rrar enkeltbilete f r me hadde eit treff der denne kunnskapen var ein fordel. Me s g det heller ikkje som naudsynt   visa fram avanserte innstillingar f r det viste seg   vera presserande. Denne strategien fekk me mykje igjen for. Ved   ta det sakte, vart deltakarane meir entusiastiske over   l ra nye ting s  snart dei f lte at dei meistra det grunnleggjande. Dette har igjen f rt til at me no har ei gruppe sv rt trufaste, sj lvsikre deltakarar, som l rer bort det dei kan til andre.

Døme på marknadsføring

«Annonsar» og plakatar er utforma i Canva, Word og Publisher og lagra som pdf og/eller jpg for å kunna publiserast på Facebook m.m.



Saman på nett er eit samarbeidsprosjekt mellom Kvam Frivilligsentral Grannehjelpa, Kvam bibliotek, Klepp Frivilligsentral og Klepp bibliotek.

Takk til Gjensidigestiftelsen for tilskot til prosjektet

GjensidigeStiftelsen 


Grannehjelpa

 Hardangerbiblioteka



 **Klepp bibliotek**
Jærbiblioteka

Illustrasjonsfoto: iStock, Grannehjelpa, Klepp Frivilligsentral